



FJELL KOMMUNE

DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR

Jf. plan- og bygningslova (PBL) § 12-7.

RV.555 SOTRASAMBANDET, PARSELL KOLLTVEIT – SUND GRENSE

Saknr. 17/1174

Nasjonal arealplan-ID 1246_20150015

Vedteken: 12.12.19

Sist revidert 22.11.19

FØRESEGNER

(PBL § 12-7)

HENSIKT MED PLANEN

Reguleringsplanen er ei detaljregulering etter Plan- og bygningslova § 12-2.

Planen skal legget til rette for nye og betre vilkår for alle transportmiddel og -grupper mellom Bergen og Sotra/regionen vest for Bergen, inkludert kollektivtrafikk, gåande og syklande.

Planen gjeld vegstrekninga frå Kolltveit i Fjell kommune til grense mot Sund kommune.

FORMÅL

Området blir regulert til følgande formål, jf. Plan- og bygningslova (PBL) § 12-5, tredje ledd:

- a) Nr. 1 Bygningar og anlegg:
 - Bustader (B)
 - Bustader – frittliggjande – småhus (BFS)
 - Næringsbygningar (BN)
 - Anna næring (BAN)
 - Telekommunikasjonsanlegg (BTK)
- b) Nr. 2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:
 - Køyreveg (SKV)
 - Fortau (SF)
 - Gang-/ sykkelveg (SGS)
 - Gangveg/gangareal (SGG)
 - Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)
 - Annan veggrunn - grøntareal (SVG)
 - Haldeplass/plattform (SH)
 - Leskur (SP)
 - Parkeringsplassar (SPP)

- c) Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift:
 - LNFR – areal for nødvendig tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemd (L)
 - LNFR-areal for spreidde bustader, fritidsbygg eller næringsbygg mm (LSB)
- d) Bruk og vern av sjø og vassdrag:
 - Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)
 - Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFV)

Under grunnen, Tunnel

- a) Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:
 - Veg (SV)

I planen er det regulert områder til følgende omsynssoner, jf. PBL § 12-6:

- a) Sikringssone:
 - Frisikt
 - Andre sikringssoner – Hjortetrekk
 - Andre sikringssoner – restriksjonar kring tunnel
- b) Faresone:
 - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)

§ 1. FELLES FØRESEGNER

Felles føresegner gjeld for heile planområdet dersom anna ikkje er spesifisert.

1.1 Avgrensing av planen

Det regulerede området er vist på plankart med reguleringsgrense. Innan reguleringsgrensa skal areala disponerast som vist på planen.

Reguleringsplanen består av 25 reguleringskart (18 i vertikalnivå 2 - på bakken, og 7 i vertikalnivå 1 – under bakken) og desse reguleringsføresegnene. Av plankarta gjeld 13 plankart i vertikalnivå 2 og 6 plankart i vertikalnivå 1 innafor Fjell kommune. Det er egne føresegner for areala som vert regulert innafor Sund kommune.

1.2 Dei tekniske teikningane i samsvar med teikningsliste, er retningsgivande for disponering av planområdet.

1.3 Andre rapportar/notat som følgjer planen er retningsgivande for utforming, jf. liste i «Vedlegg A – Rapportar» til desse føresegnene. Planskildringa gjeld framfor fagrapportar i vedlegg A.

1.4 Kulturminne

Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planområdet kjem fram automatisk freda kulturminne, må arbeidet stansast straks og Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren må få melding for nærmare undersøking av staden, jf. Kulturminneloven § 8.2 ledd.

1.5 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein detaljert Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) frå start av prosjekteringsfasen. Rigg- og marksikringsplan skal godkjennast av vegeigar før anleggsstart.

1.6 Plan for ytre miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) frå starten av prosjekteringsfasen. Ytre miljøplan skal godkjennast av vegeigar før anleggsstart og skal mellom anna innehalde eit overvakingsprogram (undersøkingar før, undervegs og etter) av råka vass- og sjøområde og freda anlegg. Tiltak skildra i YM-plan, kapittel «Miljøfaglige kvalitetskrav», skal leggjast til grunn for detaljprosjektering, bygging og drift av anlegget. Planen skal sendast til kommunen og rette myndigheiter for godkjenning.

Tilhøve til freda anlegg Fjell festning skal omtalast særskilt, og ein skal legge til grunn notat: vedlegg 18. Planen skal sendast til rett kulturminnemynde for godkjenning.

1.7 Vern mot forureining

1.7.1 Forureining i vatn

Før anleggsarbeidet startar opp skal Fylkesmannen vurdere behov for utslepptillating etter forureiningslova, § 11. Forslag til miljøovervakingsprogram for vassmiljø i anleggs- og driftsfase skal inngå.

1.7.2 Forureina grunn

Dersom ein avdekkar forureina grunn skal forureina massar behandlast etter til ein kvar tid gjeldande forskrifter og etter fastlagde tiltaksplanar. Tiltaksplanar skal utarbeidast i samband med detaljprosjektering.

1.8 Tilgjenge

Prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn ved prosjektering av veganlegget.

1.9 Støy

Tilrådingane i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442 (2016), skal følgast, så lenge det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte-vurderingar. Støyskjermar skal førast opp med høgde og kvalitet som minimum gir skjermingseffekten føresett i temarapport støy med tilhøyrande støysonekart.

På strekningar der støyen ikkje kan dempast tilstrekkeleg langs vegen, skal det vurderast lokale støytiltak.

1.10 Avkøyringar

Pilene som viser plassering av avkøyringar på plankartet er rettleiande, men frå kva veg tomta skal ha tilkomst, er bindande. Ved justering av plasseringa, skal det dokumenterast at avkøyrsla ikkje kjem i konflikt med kryss, kurvatur o.l. Avkøyrslene skal oppfylle fysiske krav gitt av vegstyresmakt, medrekna krav til sikt.

1.11 Vatn og anlegg for avløp

Tiltak knytt til kommunalt leidningsanlegg og tilhøyrande tekniske bygg med installasjonar, skal prosjekterast og byggast i samsvar med kommunen si VA-norm.

1.12 Krav til utforming og estetikk - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 1.12.1 Rettleiar for utforming og materialbruk
Arkitektonisk kvalitet og heilskap skal leggast vekt på i prosjektet. Rettleiar for utforming og materialbruk som er utarbeidd i samband med planframlegget skal leggast til grunn for utforming av konstruksjonar, sideareal og revegetering i den vidare detaljprosjekteringa.
- 1.12.2 Vegetasjon
Eksisterande vegetasjon skal så langt det er mogleg, takast vare på.
- 1.13 Byggegrenser
Spesielle byggegrenser er vist i plankart. Veglova gjeld der ikkje anna er vist.

§ 2. UTFYLLANDE PLANER OG DOKUMENTASJON

- 2.1 Søknadspåttige tiltak - Bygg og anlegg
- 2.1.1 Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggast ved illustrasjonar som viser fjernverknad og tilpassing til terreng og landskap.
- 2.1.2 Krav om plan for lokal handtering av overvatn
Som ein del av søknad om tiltak skal det utarbeidast ein plan for handtering av overvatn, der avrenning, dimensjoneringskriteria, flomkontroll og flomvegar blir vurdert og greidd ut. Jf. PBL § 12-7, nr. 12.

§ 3. REKKEFØLGEKRAV

- 3.1 Veganlegget skal opparbeidast i tilstrekkelig grad for å ta vare på framkomst og tryggleik for alle trafikantgrupper og i samsvar med miljømessige krav innanfor areal som vist på reguleringsplanen og omtalt i reguleringsføresegnene.
- 3.2 Før veganlegget blir tatt i bruk skal følgande vere ferdig opparbeidd som vist på reguleringsplanen og i reguleringsføresegnene:
- Støyskjermar langs vegane som omtalt i § 1.9.
 - Lokale støyskjermingstiltak skal gjennomførast i samsvar med temarapport støy.
 - Naudsynt omlegging av vatn- og avløpsleidningar, høgspenlinjer, fordelingsnett for straum og for tele-/tv-/datakommunikasjon o.l.
 - Handsaming av terreng og tilplanting /tilsåing skal ferdigstillast samstundes med resten av anlegget
- Dersom ny Fv.555 med tilhøyrande veganlegg blir tatt i bruk parsellvis, skal før nemnde punkt vere ferdigstilt samstundes med aktuell parsell.
- 3.3 Ny veg forbi Krossleitet kan byggjast ut i samsvar med teikning R070, inntil ny tunnel bak Fjell gard blir etablert.

§ 4. EIGARFORM

- 4.1 Følgande areal skal vere offentlege:
- Veg, o_SV1 – o_SV2

- Køyreveg, o_SKV1 - o_SKV5, o_SKV7, o_SKV11, o_SKV16 – o_SKV22, o_SKV24 – o_SKV29, o_SKV32 – o_SKV33
- Fortau, o_SF1 – o_SF15
- Gang- / sykkelveg, o_SGS1 – o_SGS17
- Gangveg / gangareal, o_SGS1 – o_SGS7
- Annan veggrunn – tekniske anlegg, o_SVT1 – o_SVT38
- Annan veggrunn – grøntareal, o_SVG
- Haldeplass / plattform, o_SH
- Leskur / plattformtak, o_SP
- Parkeringsplass, o_SPP1-2
- Naturområde i sjø og vassdrag, o_VNV1 – o_VNV5
- Friluftsområde i sjø og vassdrag, o_FVF1 – o_FVF2

4.2 Følgande areal skal vere felles for spesifiserte eigedommar:

- f_SKV6 skal vera felles avkøyrsløse for gnr. 58, bnr. 10 og 20 og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SKV9 skal vera felles avkøyrsløse for gnr. 56, bnr. 3, 4, 5, 7, 28 og 55 og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SKV10 skal vera felles avkøyrsløse for gnr. 56, bnr. 3 og 6 og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SKV13 skal vera felles avkøyrsløse for gnr. 56, bnr. 8, 9, 11, 17, 40, 56, 65 og 68 og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SKV14 skal vera felles avkøyrsløse for gnr. 56, bnr. 9, 29, 33, 34 og 58, og gnr. 57, bnr. 7, 16, 19, 34, 57, 67, 114 og 115 og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SKV15 skal vera felles avkøyrsløse for gnr. 56, bnr. 9, 33 og 34 og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SKV23 skal vera felles avkøyrsløse for Tellnes næringspark og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SKV34 skal vera felles avkøyrsløse for gnr.1. bnr.5, 61 i Fjell kommune, og gnr.50, bnr.28 i Sund kommune og ev. andre som har bruksrett i vegen
- f_SPP3 skal vera felles parkeringsplass for gnr. 1, bnr. 20, 25 og 26

§ 5. BYGG OG ANLEGG (PBL § 12-5 NR.1)

5.1 Næringsbygningar

Områda BAN2 -3 kan nyttast som tilleggsareal til eksisterande tilliggjande næringsseigedommar. Føresegnene i kommuneplanens arealdel knytt til tilgrensande arealbruk skal gjelde.

5.2 Telekommunikasjonsanlegg

Innafor område BTK kan det oppførast bygg / anlegg for telekommunikasjonsanlegg. Evt. bygg skal ha god arkitektonisk utforming i høve til omgjevnadane.

§ 6. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 NR. 2)

6.1 Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast detaljprosjekt for samferdselsanlegga og tilhøyrande teknisk infrastruktur i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

- 6.2 Ved detaljprosjektering av trafikkområda kan det gjerast mindre endringar av grensa mellom dei ulike trafikkformål.
- 6.3 Køyreveg
 - 6.3.1 Offentleg køyreveg
Offentleg køyreveg skal opparbeidast med lineføring og breidde som går fram av plankart og C-teikningar. Vegen skal ha høgde +/- 1m og vertikalkurvatur som illustrert på lengdeprofil for kvar teikning.
- 6.4 Bruer og tunnelar
 - 6.4.1 Innanfor område regulert til bru (kode 1252) og tunnel (kode 1254) skal det kunne etablerast bru i vertikalnivå over grunnen eller tunnelar/kulvertar i vertikalnivå under grunnen. Alle bruer og tunnelar skal utformast i samsvar med C-, D- og K- teikningane.
 - 6.4.2 Innanfor område regulert til veg, o_SV1 – o_SV2 skal tunnel etablerast, jfr. C og D-teikningar. Formålet omfattar nødvendige nisjer/havarilommer, siktutvidelse, tekniske rom mv.
- 6.5 Gang- og sykkel
 - 6.5.1 Gang- og sykkelvegen o_SGS9– o_SGS10 skal vera kjørbar for eksisterande bustadeigedomar langs vegen og landbrukseigedomar som har driftstilkomst frå vegen. Vegen skal og vera omkøyingsveg når tunnelen o_SV2 er stengt.
- 6.6 Annan veggrunn - teknisk anlegg
Formålet gjeld veggrunn som er nødvendig for å ta hand om tekniske installasjonar, inkludert tilkomst til desse, i samband med etablering og drift av vegen.
 - 6.6.1 Knytt til tunnel, o_SV1- o_SV2, er det tillete å føre opp bygg for tekniske installasjonar. Det er også tillete med rensedam /anlegg for tunnelvaskevatt.
 - 6.6.2 Innafor området o_SVT14 ved søndre utløp av rømningstunnel nord for Krossleitetjørna, skal det etablerast tilkomst til Søre Fjellavegen.
 - 6.6.3 Innafor område o_SVT26 (ved Tellnes næringspark) skal det kunne etablerast kollektivtiltak.
- 6.7 Annan veggrunn - grøntareal
Formålet gjeld veggrunn utanom sjølve vegarealet som er nødvendig for å ta hand om etableringa og funksjonen av vegen.
 - 6.7.1 Formålsgrenser
Skråningsutslag er basert på tilgjengeleg kartgrunnlag og mindre avvik vil kunne skje som følge av uventa tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Dette kan føre til at areal som er disponert til vegformål vil fråvike noko frå det som går fram av formålsgrensa i planen. Areal som ikkje blir disponert til vegformål, er det føreset får same formål som tilgrensande områder.

Ved større avvik frå formålsgrensa vil det vere behov for å søke om dispensasjon etter PBL § 20-1, bokstav m, eller gjennomføre mindre endring av reguleringsplanen etter PBL § 12-14, andre ledd. Dette skal avgjerast av kommunen.

Grensa mellom annan veggrunn - tekniske anlegg og annan veggrunn - grøntareal kan bli forskyvd noko ut frå anleggstekniske tilhøve og vil også kunne bli forskyvd noko over tid avhengig av m.a. rutinar for vedlikehald.

6.7.2 Støyskjerming/-vollar

I den utstrekning det er naudsynt for etablering og drift av veganlegget, kan det innan formålet etablerast støyskjermar og støyvollar.

6.7.3 Vegetasjon

Annan veggrunn-grøntareal gjeld m.a. områder der eksisterande vegetasjon skal takast vare på, områder der naturleg revegetering er aktuelt etter etablering av veganlegget og områder som skal tilsåast eller tilplantast med busker og tre.

Utforming skal skje i samsvar med rettleiar for utforming og arealbruk, vedlegg 10.

Områda innan formålet skal haldast ved like på ein tilfredsstillande måte ut i frå bruken for det enkelte grøntarealet. Vegetasjon kan fjernast i den utstrekning det er naudsynt for vedlikehald av veganlegget.

6.7.4 Knytt til tunnel, o_SV1 – o_SV2, er det tillete å føre opp bygg for tekniske installasjonar. Det er også tillete med rensedam /anlegg for tunnelvaskevatt

6.7.5 Overvatn

Det skal leggjast til rette for lokal handtering av overvatn med flomvegar og fordrøying. Prinsipp i Notat avrenningslinjer og kritiske punkt, vedlegg 19, skal følgjast.

6.8 Kollektivformål

6.8.1 Kollektivhaldeplass

Området o_SH skal nyttast til busstrafikk til/frå Fjell festning.

6.9 Anna parkering

6.9.1 Området o_SPP1 skal nyttast til parkering for besøkande til Gjerdet kulturminnegard og turgåarar til Fjell festning via Russarstegen.

6.9.2 Området o_SPP2 skal nyttast til parkering knytt til Fjell festning og friluftsområder.

§ 7. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL § 12-5 NR. 5)

7.1 LNFR-areal

For områda L1 – L47 skal føresegna i kommuneplan, arealdelen til kommuneplan 2015-2026, knytt til LNFR-areal gjelde.

- 7.2 LNFR for spredde bustader – fritidsbygningar eller næringsbygningar mm.
- 7.2.1 For område LSB1 – LSB7 skal føresegna i kommuneplan, arealdelen til kommuneplan 2015-2026 (vedteken 18.06.2015) gjelde.
- 7.2.2 Innafor LSB2 skal det sikrast gangtilkomst frå parkeringsplassen SPP1 til våningshuset på Gjerdet kulturminnegard.


§ 8. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 12-5 NR. 6)

- 8.1 Naturområde i sjø og vassdrag
 - 8.1.1 Områda o_VNN1, o_VNN2 og o_VNN5
Formålet gjeld vassdragsområde som er naudsynt for vegens etablering. Vegens sin fyllingsfot kan tillatast innafor formålet.
 - 8.1.2 Område o_VNV3-4
Formålet gjeld eksisterande bekk mellom Bårlitjørna og Fossvatnet. Det er ikkje tillete med inngrep i bekken.
- 8.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag
Områda skal nyttast til allment friluftsliv. Sjå elles §10.8.

§ 9. OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

- 9.1 Frisikt
Innan område H140 skal det være frisikt i høgde 0,5 meter over tilgrensande vegar sitt planum.
- 9.2 Andre sikringssoner
 - 9.2.1 Restriksjonar kring tunnel
Innan sikringssona H190_1 – H190_2 sjå snitt nedanfor, er det ikkje lov med inngrep ut over det som er naudsynt for veganlegget. Det er heller ikkje lov med tiltak i grunn som kan føre med seg fare for skader på veganlegget i tunnelane.

Tiltak i eller inntil sikringssone for tunnel skal godkjennast av vegeigar og det skal dokumenterast at tiltaket ikkje vil ha nokon innverknad på tunnelen eller sikringssona.



9.2.2 Hjortetrekk

I område for trekk av hjort H190_3 og H190_4 skal vegkanten holdast open med siktrydding.

9.3 Høgspenningsanlegg

Areal innafor områda H370_1 – H370_14 skal ikkje byggast ut eller brukast på ein måte som er i strid med restriksjonane i fareområdet. I samband med byggeplan skal det i samråd med linjeeigar vurderast om det er behov for kabling eller flytting av master. Eventuelle tiltak innan området må godkjennast av linjeeigar.

§ 10. FØRESEGNSOMRÅDER (ANLEGGSGJENNOMFØRING)

10.1 Mellombels bygge- og anleggsområde

Anleggsarbeidet skal gjennomførast i samsvar med rigg- og marksikringsplanar.

10.1.1 Innafor områda #1 til #47 kan naudsynte inngrep og anleggsarbeid gjennomførast for bygging av veganlegget. Dette gjeld også lagring av massar, brakkerigg og lager.

Områder for mellombels arealbruk skal ferdigstillast seinast 1år etter at veganlegget er opna.

Områda skal i størst mogleg grad tilbakeførast til sitt opphavlege arealformål og settast i stand slik dei var før inngrepet eller i samsvar med avtale med grunneigar. Ved tilbakeføring til tidlegare arealbruk skal tilbakeførde areal, fortsatt vere omfatta av gjeldande plan slik:

Føresegningsområde	Arealformål	Gjeldande plan
#1	L1, o_VNV1	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)

#2	L2, BFS1	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026) / PlanID 1246 20040006 – 134 RP Kobbeltveit golf og naturpark (gnr.33, gnr. 8, 9, 11) / PlanID 1246 20070070 – 284 RP Kolltveit vest (gnr.33, bnr. 603, 604, 605 m.f.) PlanID 1246 20090020 – 301 RP Blommen, N.Fjell (gnr.58, bnr.94)
#3	L3	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#4	L4, L5	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#5	L6	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#6	L7, LSB1	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#7	L8	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#8	L9	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#9	L10	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#10	L12, LSB2, LSB3	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#11	L11	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#12	L14	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#13	L13, LSB4	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#14	L15, L18, o_VNV2	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#15	L16	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#16	L17	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#17	L19, BN1	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#18	L21	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#19	L25	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#20	L24	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#21	L23	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#22	L21	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#23	L26	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#24	L27	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#25	L28	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)

#26	L29	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#27	L30	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#28	BAN1, L31	PlanID 1246 20070043 – 236 RP Tellnes næringspark (gnr.53, bnr. 109,0110,0113) PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#29	L32	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#30	L33, B1	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#31	L35	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#32	L34	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#33	L36	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#34	L37	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#35	L38	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#36	O_VNV5	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#37	L40	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#38	L41	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#39	L39	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#40	L42	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#41	L43	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#42	L45	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#43	L44	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#44	LSB6	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#45	LSB5	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#46	L46 (for BAN2 sjå pkt.10.1.2)	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
#47	L47	PlanID 1246 20130020 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)

10.1.2 Områda #46 (arealformål BAN2) og #48 (arealformål BAN3) skal etter endt anleggsperiode opparbeidast i samsvar med situasjonsplan som skal godkjennast av kommune. Situasjonsplanen skal visa korleis områda mellombels skal setjast i stand inntil områda skal

nyttast til framtidig formål.

10.1.3 Framande artar

Før anleggsstart skal registrerte framande artar i planområdet bli fjerna på ein forsvarleg måte med tanke på å hindre spreing. Det same gjeld massar som kan innehalde spreingsdyktige delar.

10.2 Støy

Støy frå bygge- og anleggsverksemd skal halde seg innan grensa i Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for støy.

10.3 Fylling i vatn

Ved fylling i vatn skal siltgardin utplasserast for å minske spreing av finpartiklar og forureining under utfylling. Spreing av partiklar skal overvakast ved målingar av turbiditet.

Forureina sediment skal bli dekt til på førehand av utfylling med steinmassar.

10.4 Tiltak for å hindre direkte avrenning til vassførekomstar i anleggsfasen skal detaljerast før anleggsstart og skildrast i Ytre miljøplan.

10.5 Program for miljøoppfølging av vassmiljø og driftsinstruks for rensebasseng skal utarbeidast og leggest fram for Fylkesmannen før anleggsstart. Forslag til driftsinstruks og oppfølgingsprogram skal innarbeidast i YM-plan.

10.6 Flomvegar

Eksisterande flomvegar skal haldast opne gjennom anleggstida.

10.7 Kulturminne

10.7.1 Fangeleirar frå 2. verdskrigen

Det skal takast kontakt med kulturminnemynde i god tid før anleggsstart innafor føresegningsområda # 49 og # 50. Det er krav om kulturhistorisk dokumentasjon av restane etter tysk fangeleir.

10.7.2 Fjell festning

I god tid før anleggsstart for tunnel o_SV1 skal det gjerast tilstandsregistreringar og synfaring av Fjell festning etter gjeldande krav og retningslinjer på tidspunkt for utbyggjing. Arbeidet må skje i nær dialog med kulturminnemynde. Alle anlegg må dokumenterast med ein metode som gjer det mogleg med god oppfølgjing i anleggsperioden. Dokumentasjonsmetode og oppfølging skal godkjennast av kulturminnemynde. Tiltak for å hindre skadar på festningsanlegget skal detaljerast før anleggstart og skildrast i YM-plan.

10.8 Bru over Dalavågen

Innafor føresegningsområde #52 skal det plasserast brupilarer. Plassering skal avklarast i detaljprosjekteringa av veganlegget. Brupilarer skal ikkje hindra ferdsel ut og inn Dalavågen. Anleggsarbeid i sjø i Dalavågen skal i størst mogleg grad unngåast i tida for gyting av torsk (februar – april).

10.9 Vassdrag nord for Tellnes

Innafor føresegningsområde #51 skal det takast spesielt omsyn til vassdraget i anleggsfasen. Plan

for å hindra forureining av vassdraget skal framgå av YM-plan.

- 10.10 Vassveg sør for Dalatjørna
Innafor føresegningsområde #53 skal det sikrast open vassveg fra Dalatjørna og mot Trengereid.
- 10.11 På strekket nord for Dalavågen bru fram til o_SGG3 ved Tellnes skule kan det verte naudsynt å etablere ein eller fleire kulvertar for tilkomst til utmark. Nøyaktig plassering skal avklarast i byggeplan. Ein skal legge vekt på sambruk.
- 10.12 Del av mellombels byggje- og anleggsområde som ligg innafor arealformål BN1 (på gbnr.56/61), skal etter endt anleggsperiode opparbeidast i samsvar med situasjonsplan som skal godkjennast av kommunen.

VEDLEGG

A. Rettleiande

Rapportar

- Vedlegg 1: ROS-analyse, datert 05.01.18
Vedlegg 2: Delrapport for vegstandard, datert 15.12.17
Vedlegg 3: Kapasitetsvurdering for Rv 555 Kolltveit – Austefjorden, datert 30.10.17
Vedlegg 4: Fv 555 Kolltveit – Austefjorden. Standard- og trasevalg for reguleringsplan (Statens Vegvesen), datert 14.12.15
Vedlegg 5: Forprosjekt bru over Dalavågen, datert 22.09.17
Vedlegg 6: Fv 555 Kolltveit – Vorland, konstruksjoner, datert 11.01.18
Vedlegg 7: Ingeniørgeologisk rapport, datert 16.01.18
Vedlegg 8: Samlerapport steinprøver
Vedlegg 9: Fv 555 Kolltveit – Austefjorden. Grunnundersøkelser og geotekniske vurderingar, datert 23.06.16
Vedlegg 10: Rettleiar for utforming og materialbruk, datert 11.04.18
Vedlegg 11: Vannhåndtering, vegvann, tunnel og deponi, datert 13.04.18
Vedlegg 12: Avrenningslinjer og kritiske punkt Kolltveit - Vorland, datert 05.01.18
Vedlegg 13: Avrenningslinjer og kritiske punkt Kolltveit – Vorland, vedlegg
Vedlegg 14: Kulturhistoriske registreringar (Hordaland fylkeskommune), rapport 29 2016
Vedlegg 15: Planskildring, vedlegg naturtypeskildringar
Vedlegg 16: Temarapport støy, datert 19.01.18
Vedlegg 17: Notat luftkvalitet, datert 12.09.17
Vedlegg 18: Notat avklaringer Fv 555. Tunnel bak Fjell sentrum mot Fjell festning som kulturminne og objekt generelt, datert 04.04.18

Teikningar

- Teikningar i høve til teikningsliste, datert 22.11.19